

Futsal – invitasjon til turnering, 10 – 14 år.

Etter suksessen frå sist vinter vil NFF Sogn og Fjordane halde fram med Futsal som turneringsspel, frå 10 – til 14 år, også i 2016-2017 vintersesongen.

Som i fjor blir det lagt opp til tre turneringsdagar i samband med spel på ein laurdag eller søndag.

Generelt om Futsal

Futsal er ei veksande spelform for born og unge i Norge, og blir allereie arrangert av andre kretsar i form av turneringar og seriespel. Sjølv spelforma, innandørs med underlag i form av enten parkett eller sportsgolv, samt futsalball (mindre størrelse, og redusert sprett), fører til at spelarane får nye og utviklande utfordringar. Størrelsen på bana og måla er lik som i handball.

Futsaltilbod

NFF Sogn og Fjordane tilbyr Futsal for gutar og jenter frå klasse 10 år, opp til og med klasse 14 år.

Aldersinndeling blir som følgjer:

- 10 år – dei som fyller 10 år i 2016.
- 11 år – dei som fyller 11 år i 2016.
- 12 år – dei som fyller 12 år i 2016.
- 13 år – dei som fyller 13 år i 2016.
- 14 år – dei som fyller 14 år i 2016.

Det blir påmelding for kvar turnering, med avsluttande kampoppsett for kvar turnering.

Premiering:

Lag som deltek på alle tre turneringsdatoar i sin region, er med på trekning av ballnett med 6 flotte futsal-ballar, levert av Nike. Det blir trekt ut eit ballnett i kvar aldersklasse, og dei vil bli sendt dei heldige laga etter siste turnering.

Datoar for turneringane blir som følgjer:

- **Sogn** - 12. november, 4. desember, 8. januar.
- **Sunnfjord** – 12. november, 11. desember, 8. januar.
- **Nordfjord** – 12. november, 11. desember, 8. januar.

Frist til å melde seg på alle turneringane (via Spond): **17. oktober**